

Dei er best på sogeskrift

SOLUND: Å gje ut sogeskrift er inga Idol-tevling med kåring via SMS. Men var det slik, måtte Solund enda i finalen.

ATLE LYNGSTAD NESS
atle.ness@firda.no
911 49 806

Det 14. sogeskriftet frå deira hand er verkeleg noko å pakke inn og leggje under treet. 225 tettpakka sider, fint innbundne, er det lesaren får frå skriftnemnda.

Av og for mange

Bjørn Magne Hanssen, Magne Hamre, Finn Johnny Hugøy og Hans H. Steinsund har verkeleg lagt seg i selen, og med god hjelp frå skribentar og fotografar har dei levert eit produkt dei

med rette kan vere stolte av.

Sogeskriftet har artiklar frå Austrefjorden i Nord-Solund til Nautøy i Ytre Solund, artiklar med stort spenn i innhald og med mange forfattarar.

Sogelaget er like gammalt som rekka med sogeskrift. I årsmeldinga skriv Bjørn Magne Hansen at med prosjekt på Hersvik og Inderøy, sogeskrift, fotoregistrering og alt anna laget held på med, går tida fort. Mange er med og tek eit tak, noko som er heilt avgjerande for at laget kan halde på slik dei gjer. Dei gjev ut Solundkalenderen og medlemsinformasjon kvart år, og dei er til stades på fleire tilskipingar rundt i kommunen.

Småbruk og sjø

Hans H. Steinsund har mange av artiklane i heftet. Han har også omsett «Bilete frå ein su-


ling si livsskildring» frå svensk til nynorsk. Forfattar er Kåre Gåsvær, fødd i 1934, oppvaksen på Sandvik i Austrefjorden, men med storparten av sitt yrkesaktive liv i Sverige. Med tanke på barn og barneborn har han skrive ei utførleg historie om livet sitt.

Artikkelen er ikkje berre eit godt tidsbilde frå hans liv, den er også eit døme til etterfølging for nokon kvar. I Solund, og vidare med. Skriv livsminne!

Sidan vi har med ein øykomune å gjere, har rimelegvis mange av artiklane tema knytt til sjø og hav og det livsgrunnlag desse er og har vore.

Noko å feire

Grunnlovsjubileet har vore feira over heile landet. Også Solund tok del, og Magne Hamre tek føre seg både denne og tidlegare feiringar. Hamre skriv



SNART JUBILEUM:

Dette er 14. utgåva av Solund sogeskrift, eit tiltalende produkt med 225 sider lokalhistorie.

også om lokale politikarar som er blitt lagt merke til nasjonalt, som første stortingsmannen, Paul Takle, og sjølvsgatt Anna Herland som første kvinnelege

ordføraren i fylket, 1956-1959.

Vi har nemnt berre litt av alt det gode stoffet som sogelaget byr lesarane i år. Her er noko for alle, i og utanfor Solund.